

# Jon som fylkesordførar

Jon Askeland er Vestland Sp sin fylkesordførarkandidat. Han er ordførar i Radøy kommune, og brenn blant anna for gode oppvekstmiljø og gode lokalsamfunn med tenester nær folk.



## Her er nokre saker Vestland Senterparti skal jobbe for som er viktige for Hyllestad:

- Geopark i Hafs
- ungdomskort i heile fylket
- Skyss-app i heile fylket
- oppretthalde desentralisert skulestruktur i vgs som i dag
- nærskuleprinsippet skal gjelde ved inntak i VGS, og med eitt inntaksområde for heile fylket
- lik nettleige over heile landet
- 100 % mobildekning
- høghastigheitsbreiband i heile fylket
- kommunane som avgir havbruksareal skal kompenserast
- 5Gnettet må ha 100 % dekning overalt
- motverke sentralisering
- desentralisere oppgåver og makt frå stat til fylke
- tannhelse på linje med andre helsetenester
- aktiv næringssutvikling
- god infrastruktur
- god klimapolitikk
- vindkraft skal primært byggjast ut til havs
- vindkraft på land må berre byggjast i tråd med lokale ønskje og kommunestyrevedtak



**Info om Hyllestad SP finn du på**  
[www.senterpartiet.no](http://www.senterpartiet.no)

eller [Facebook Hyllestad Senterparti](#)

Her er noko av det Hyllestad Senterparti har arbeidd for og lukkast med i denne perioden:

- funksjonell fleirbruks Hall som dekkar både kommunen, kulturskulen og idretten sine behov
- sikra haldningsskapande studietur til Polen og Tyskland
- godt samarbeid mellom kommune og næringsrådet
- fv 607 prioritert både i Hafs og fylkeskommunen
- sikra løyving til bygging av funksjonell gang- og sykkelveg i Leirvik
- behelde dagsenteret, kjøkkenet og vaskeriet på Eiklund
- fått tilbake skuleopplegget med Kvernsteinsenteret
- kinotilbodet i kommunen
- høghastigheitsbreiband utbygd via radio og fiber
- tilrettelagd næringsareal
- tilsett næringsskonsulent i kommunen
- bygd kommunale bustader og auka bustadbygginga i bygdene
- oppretthalde Dale vidaregåande skule



Send sms SP til 2360  
eller søk oss opp på  
Vipps!



## Hyllestad Senterparti

## Kommunevalet

# 2019

## Morten Askvik:

**Ordførarkandidat.** Bur på Hyllestad, 47 år, adjunkt. Som ordførar vil eg halde fram med å jobbe for at Hyllestad kommune skal vere attraktiv og inkluderande. Det er viktig å leggje til rette for vidareutvikling av næringslivet, ha gode tenester nær folk, stimulere til busetnad i kommunen, ha god infrastruktur, og ha godt samarbeid med andre kommunar.



**Karin Tonning Hatløy:** Bur på Sørbøvåg, 46 år, adjunkt. Eg vil at Hyllestad skal vere ein attraktiv og god kommune både å bu og jobbe i. Gode oppvekstvilkår med varierte aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, levande bygder og eit rikt næringsliv er viktig. Eg ønskjer likeverdige tenester nær folk der dei bur.



**Agnete Solheim:** Bur på Åfjorddalen, 22 år og er utdanna barnehagelærar. Eg er interessert i friluftsliv, dyr og landbruk. Eg ønskjer at Hyllestad skal vere ein kommune som tek vare på landbruket, er ein attraktiv stad for unge som vil busetje seg, og har tenester nær folk.



**Per Inge Oppedal:** Bur på Sæsol, 44 år, mekanikar og småbrukar. Eg ønskjer at det skal vere attraktivt å busetje seg i Hyllestad. Det er viktig å leggje til rette for næringsutvikling og gode tenester for innbyggjarane.



**Inger Hauken:** Bur på gard i Høydal, 63 år, adjunkt. Eg likar å arbeide med hagebruk, handarbeid og samle familien. Eg er oppteken av gode oppvekstvilkår, at det skal vere lett å busetje seg og etablere seg i Hyllestad, og ei verdig eldreomsorg.



**Ragnhild Gudmundsos:** Bur på Rysjedalsvika, 37 år, butikkmedarbeidar. Det er viktig å leggje til rette for folk som vil flytte heim og for at dei som er her skal bli verande med nok arbeidsplassar, barnehage, skule, fritidsaktivitetar, bra vegstandard, og god kollektivtrafikk for både buss og båt. Eg er oppteken av å oppretthalde bøndene for å ha norsk mat.



**Frode Risnes:** Bur på Risnes, 48 år, arbeider i Veidekke, og driv eit småbruk med hytteutleige. Eg ønskjer å bidra til at Hyllestad skal vere ein kommune folk flytter til og ikkje i frå. Det er viktig å tillate spreidd bustadbygging, ha gode aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, og ha ein god skule, helsesektor og infrastruktur. Eg er opptatt av å ta godt i mot dei som ønskjer å skape noko nytt i Hyllestad, samt å ta vare på det vi har.



**Dag Ove Austgulen Myklebust:** Bur i Skifjorden, 37 år, byggingeniør. Eg ønskjer å ha levande grender der vi tillet spreidd busetnad, slik at noverande og nye innbyggjarar kan etablere seg og bu der dei ønskjer. Eg er opptatt av å sikre etablert næringsliv, og leggje til rette for nyetableringar rundt om i heile kommunen.



**Brit Inger Skaar:** Bur på Skor, 52 år, ufør og har eit lite småbruk med litt drift. Eg er opptatt av busetnad i heile landet, og av matproduksjon i heile landet, med fokus på småbruk og naturbruk. Velferd for eldre og sjuke bygd på menneskelege ressursar og ikkje på forbruk av ressursar, er viktig for meg.



**Bjarne Andre Lekva:** Bur i Lifjorden, 38 år, mekanikar på anleggsmaskiner. Eg jobbar i eige firma og har også gardsbruk med forskjellige dyr. Eg er opptatt av at alle ikkje kan bu i byane, nokon må bu i utkantane også. Senterpartiet sin politikk passar meg best, og er best for Hyllestad.



**Turid Janka Langedal:** Bur i Skifjord, 46 år, adjunkt. Eg er oppteken av at Hyllestad skal vere ein framtidssretta kommune med gode servicetilbod, god infrastruktur og innbyggjaren i fokus. Eg er aktiv i grenadalagsarbeid og synest det er viktig at ein kan få busetje seg der som ein ønskjer, og at ein i gjennom gode og effektive tenester kan leggje til rette for auka tilflytting og husbygging.



**Ingebjørg Eikelid:** Bur i Leirvik, 65 år, bussjåfør. Eg meiner at SP-politikken tek best vare på distrikta. Eg er glad i å ta vare på arva frå dei som var før oss, teater og song.



**Atle Nordal Inderøy:** Bur på Skivenes, 62 år. Eg er opptatt av at distrikta får same moglegheit til å utvikle seg som meir sentrale strøk, og at folk får bygge bustader der dei sjølv vil. Vidaregåande skular i nærliek slik at elevar kan bu heime første året, å bygge infrastruktur slik at bedrifter kan etablere seg i distrikta, eit desentralisert helsevesen, og å snu sentraliseringstrenden for statlege etatar er viktig.



**Sivert Giil:** Bur i Leirvik, 18 år, har lærlingskontrakt som anleggsgartnerar. I tillegg driv eg eige firma med snømåking, hage- og gardsslått, skogsrydding med meir. Fritida brukar eg på jakt, fiske og sjøliv, men mest på å mekke på bil og traktor. Eg er oppteken av at vi ungdommane skal sjå på Hyllestad kommune som ein plass med gode tilbod der vi kan bygge og bu når vi kjem så langt.



**Aleksander Tonning Hatløy:** Bur på Sørbøvåg, 20 år, anleggsmaskinførar. Eg er oppteken av at kommunen skal vere attraktiv å bu i, og leggje til rette for nyetablerarar. I tillegg er det viktig med god vegstandard, og mobildekning og fiber til alle. Eg ønskjer at alle aldersgrupper skal ha gode tilbod til fritidsaktivitetar.



**Gunn Skresholdt:** Bur på Lundeland i Lifjorden, 49 år, jobbar som postbud. Eg har ikkje vore aktiv i politisk arbeid før. Eg har budd i Hyllestad i 20 år. Eg håpar at fleire vil kome å busetje seg her, og eg er oppteken av at alle skal trivast her.



**Amund Soltveit:** Bur på Salbu, 75 år. Eg er glad i dyr og dyrkar matnyttige vekstar. Eg er oppteken av at vi skal leggje forholda vel til rette for folk som vil busetje seg i Hyllestad. Det inneber også ei heving av standard på kommunale vegar slik at Hyllestad kommune skal vere ein god stad å bu for alle, uansett alder. Det er viktig at alle kommunale og offentlege bygg skal vere vel tilrettelagt for menneske med røyrslehemming og tilgjenge for alle.